



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

07.04.2025

Vår ref:

2025/3275

Dykkar dato:

21.02.2025

Dykkar ref:

202202956

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om bygging av Tyssebotn Kraftverk i Osterøy kommune

Tyssebotn kraftverk vil auke utnyttinga av eit allereie utbygt vassdrag, men vil få noko negative konsekvensar for naturmiljø, landbruk og friluftsinnteresser. Vi legg til grunn at utbygginga blir planlagt og gjennomført på ein mest mogleg skånsam måte, og at det blir stilt vilkår om avbøtande tiltak som er føreslege i konsekvensutgreiinga.

Vi viser til høyringa av søknad om Tyssebotn kraftverk.

Omtale av søknaden

Kraftverket er planlagt mellom Øvre Botnevatnet (Øvrebotnen) og Nedre Botnevatnet i Tysseelva, og vil nytte eksisterande regulering av Ljosvatnet og Øvre Botnevatnet, utan nye reguleringar eller overføringar. Det planlagt å sleppe minstevassføring tilsvarande 5-persentilar for sommar og vinter. Det er ikkje krav om slepp av minstevassføring for eksisterande magasin, overføring eller kraftverk i dag. Forventa årleg energiutbytte er på 7,0 GWh.

Frå eksisterande tappetunnel i Øvre Botnevatnet er det i hovudsak planlagt nedgrave røyr fram til kraftstasjonen. Det er planlagt ca. 1,5 kilometer ny permanent veg over den gamle demninga over Nedre Botnevatnet, langs nordsida av vatnet og fram til Tyssebotn kraftstasjon. Det er planlagt tre mellombelse riggområde/røyrleger; ved kraftstasjonen (ca. 1 dekar), ved røyrkata til Osvatn kraftverk (ca. 0,3 dekar) og ved Osvatnet (ca. 0,3 dekar). Det er ikkje planlagt masseuttak eller massedeponi.


Det er òg søkt om å knyte kraftverket til nett via ein 22 kV jordkabel frå kraftstasjonen til over brua ved Nedre Botnevatnet, og vidare som luftleidning i eksisterande luftleidningstrasé frå brua ved Nedre Botnevatn og fram til eksisterande nettstasjon ved Gamle Tøsse kraftstasjon. Totalt er traseen ca. 3,2 kilometer lang. I tillegg er det søkt om ein ca. 450 meter lang 1 kV jordkabel mellom kraftstasjonen og inntaket. Generator og transformatorar skal plasserast inne i kraftstasjonen.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Solheimsgaten 13, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Figur 1: Kartet viser utbyggingsplanane for prosjektet. Kjelde: Konsesjonssøknaden.

Vår vurdering

Tyssebotn kraftverk vil auke utnyttinga av eit allereie utbygt vassdrag. Ei eventuell utbygging skal likevel ivareta naturmiljøet i tråd med naturmangfaldlova § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar.

Vi legg til grunn at ei utbygging blir gjennomført med minst moglege nye naturinngrep, at alle anlegg blir godt tilpassa terreng/landskap, og at området blir sett i stand att i tråd med moderne praksis, basert på den lokale frøbanken. Det bør stillast vilkår om relevante avbøtande tiltak som er føreslege i naturmiljørapporten. Det bør vurderast om straumkabelen kan leggjast i vegggrøft på heile strekninga der det kan vere praktisk mogleg.

Rennande vatn inngår i naturtypen elvevassmassar i raudlista for naturtypar frå 2018, og er sett i raudlistekategorien nær truga (NT). Artsdatabanken peikar på at særleg bekkar i låglandet er utsette for påverknad. Resterande bekkeløp har dermed fått auka verdi for mellom anna fisk, insekt og vasstilknytte fugleartar som fossefall, vintererle og strandsnipe.

Vassføringskurvene i søknaden viser at så å seie all dynamikk vil bli borte etter ei utbygging, medan minstevassføringa vil sikre at elva ikkje blir tørrlagd som i dag. Vurderinga i naturmiljørapporten er at det vil bli livsgrunnlag for artar som lever i elva, medan det vil bli ei dreining mot meir tørketolerante artar langs elva.

Tilkomstvegen vil påverke ei naturbeitemark, [Tysseboten 1 \(NINFP2110050157\)](#), som har moderat kvalitet. I naturmiljørapporten er konsekvensgraden vurdert til «noko miljøskade» for naturtypar, og



«ubetydeleg/noko miljøskade» for artar. Inngrepa vil òg vere negativt for landbruksdrifta. Vi legg til grunn at inngrepa i naturbeitemarka blir avgrensa til det ytst nødvendige.

Utbyggingsområdet inngår i eit svært viktig friluftslivsområde, [Høgafjellet \(FK00040605\)](#). Friluftssinteressene vil bli negativt påverka av redusert vassføring i periodar med overløp i dag, og av inngrep knytt til røygata og anleggsvegen. I naturmiljørapporten er det særleg påpeika at anleggsvegen vil vere uheldig, og at denne vil øydeleggje stien som går der i dag. Røygata vil krysse stien mellom Tyssebotnen og Øvre Botnevatnet, men denne vil bli opparbeidd att i etterkant. Vi legg til grunn at friluftssinteressene blir teke omsyn til så langt som råd, og at det blir halde god dialog med aktuelle organisasjonar.

Vi minner om forureiningslova § 7 om å unngå forureining. Dersom det er fare for forureining utover det som blir rekna som vanleg forureining frå anleggsverksemd etter § 8 i den same lova, må tiltakshavar avklare med Statsforvaltaren om tiltaket krev løyve etter forureiningslova.

Vi legg til grunn at tekniske installasjonar blir plasserte slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.

Med helsing

Joachim Holmøyvik
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Osterøy kommune
Vestland fylkeskommune

Postboks 1
Postboks 7900

5293
5020

LONEVÅG
BERGEN